

# TEATER & scene

sarah@klassekampen.no



**GRAVFERDSSONGAR:** Frå eit typisk narkomøbel framfører Joachim personlege og vakre gravferdsballadar frå han som overlevde.

FOTO: DAG JENSEN

## Innsikt og refleksjon



Amund Grimstad  
TEATER

### «Fire begravelser og et bryllup»

Teater Ibsen, Skien  
Av og med Morten Joachim  
Scenografi: Hans Georg Andersen  
Regi: Aslak Moe

### MELDING

Ei sterkt og sjølvbiografisk historie, formidla klokt og med stor innsikt.

**Morten Joachim** er instruktør og dramatikar. Han er ikkje skodespelar. Likevel står han ná áleine på scena og gjer sitt livs rolle. Han spelar seg sjølv.

Joachim tilbrakte dei første vekene av livet i kuvøse på grunn av heroinabstinens. Han vaks opp hjá mormora, medan den biologiske farem sat i fengsel, og med mor og stefaren som narkomane. I vaksen alder, men ennå relativt ung, opplevde han i løpet av få år først at den tre år yngre broren døydde på grunn av ein overdose, for så å miste både dei biologiske foreldra og stefaren. Joachim har hatt ein ganske spesiell oppvekst, og ná har han sjølv skrive og

dramatisert si eiga historie, og presenterer ho i eit intenst og gripande forteljarteater. Klokt, reflektert og heldigvis også med mye humor.

**Det er mange som** har nyttat ulike kunstarleige media som romanar, film eller drama for å arbeide seg ut av eiga sorg eller traume. Men der er ikkje Joachim. Det stadiet han har passert for lengst, og her får vi i staden ein uvanleg reflektert og innsiktsfull rapport om oppvekst og liv saman med tungt rusavhengige familie-medlemmar.

Scena er relativt nakne, eit draperi, ein gitar og ein reclinar i svart skinnimitasjon, ifølgje Joachim det typiske narkomøbel. Utan noko å stø seg til, fortel han personleg, innlevande og særst nárt, men aldri spesielt privat og utan noka form for føleri, om livet sitt. Vi tar til når han anar uråd og bryt seg inn hjá stefaren for å finne han død, før han hoppar fram og attende i sitt eige liv og historie og fortel inngående, men med både distanse, varme og empati om bestemora som freista å gi guten eit godt fundament, men som ikkje alltid gjorde rett, om foreldra og stefaren, og om tilhøret til den yngre broren.

Han går nært inn på dei alle, men med unntak av seg sjølv, er han likevel aldri utleverande. Mot seg sjølv er han derimot nádelaukt ærleg. Heilt nøktern fortel han om dei to reaksjonsmønstra han vekslar mellom, det

bereknande, og det emosjonelle.

**Livet hans har** openbert vore motsetnadsfylt, og denne dualismen gjer framsyninga tidvis også ganske humoristisk. Først og fremst greier han å halde ein god balanse ved at presentasjonen på same tid både er særst nær og personlig, men likevel held den naudsynte reflekterande distansen. Men også andre kontrastar står i kø. Her er sinne og kjærleik, styrke og avmakt, sorg og humor i ei blanding dei fleste av oss heldigvis er skåna for.

Joachim er ikkje skodespelar, og freistar heller ikkje å framstå som det. I staden spelar han på autentisitet og å vere nádelaukt ærleg. Sceneskifta skjer ved enkel lyssetting og små forflyttningar på scena, og når det tragiske tar til å bli for sterkt, set han seg med gitaren og framfører nydelege balladar han har laga til dei ulike gravferdene.

**«Fire begravelser og et bryllup»** er blitt ei uvanleg sterkt forteljing om dei som blei for svake til å overleve. Mantraet er at same kor mye hjelp du får, må du likevel vere sterkt nok til å fikse livet ditt sjølv. Framsyninga blir ná vist i Skien i to veker for så å turnere i Telemark ut april. Men, hallo Riksteatret og alle institusjonsteatra våre: Dette er ei teateroppleving som fortener eit langt større publikum.

Amund Grimstad  
amund@amund.info

### TEATER I KLASSEKAMPEN:

Gjennom heile året anmelder Klassekampen aktuelle premiere på norske scener. Våre kritikere kan kontaktes på teater@klassekampen.no.

Vi trykker også essays og intervjuer om norsk scenekunst.

Tips til våre teatersider kan rettes til Sara Hegna Hammer: sarah@klassekampen.no



Therese Bjørneboe  
Teaterkritiker og redaktør for Shakespeartidsskriftet



Idalou Larsen  
Teaterkritiker, kulturtjournalist og oversetter



Amund Grimstad  
Teaterkritiker og arkitekt

# Skrem!



Idalou Larsen  
TEATER

### «Herr Marmelade»

Det Norske Teatret, Scene 3, Oslo  
Av: Noah Haidle  
Oversett av: Gunstein Bakke  
Regi: Glenn André Kaada  
Med: Sara Khorami, Rolf Kristian Larsen, Espen Rebole Bjerke m.fl.

### ANMELDELSE

Dyktige skuespilere og god regi understreker at «Herr Marmelade» er en mangebunnet og nyskapende teatertekst.

**Scene 3 er full** av ulike kosedyr, og midt i blant dem sitter ein barnlig Sara Khorami og leker i det vi tilskueren inntar plassene våre. Lysene dempes, og en velkledde herre med stresskoffert (Ola G. Furuseth) dukker opp. De første replikkene kan tyde på at han kanskje kommer som lege eller psykolog, men de to har ikke

satte Det Norske Teatret opp «Lucky Happiness Golden Express», diplomoppgaven til den svenske registudenten Jesper Berglund. «Herr Marmelade» fra 2004 er Haidles debutstykke, på én og samme tid ein foruroligende tragisk fortelling om ein fireåring som er utsatt for omsorgssvikt, og ein treffsikk komisk satire over forholdet mellom mann og kvinne i vår tid.

Store deler av stykket utspiller seg i Lucy s fantasi-verden, og her lar Noah Haidle bevisst fireåringen oppføre seg og snakke som en voksen kvinne. Samtidig reagerer hun infantilt på situasjonene hun fantaserer fram, og det er nettopp denne infantile, men for så vidt helt realistiske atferden som fører til mange vittige og morsomme opptrinn.

I den virkelige verden er Lucy s situasjon derimot langt fra morsom. Foreldrene ble skilt da hun var to år gammel, og moren er mer opptatt av å få kloa i menn enn av å se seg av datteren. Den kvelden vi følger Lucy, blir hun tilfeldigvis kjent med femåriga Larry, også han et ensomt og vanskjøttet skilsmissesbarn. Men i motsetning til Lucy har ikke han evnen til å drømme seg bort, og hans bandaserte håndledd skyldes at han er «den yngste som nokon gong har forsøkt å ta livet av seg i New Jersey».

De to får kontakt, og sluttscenen antyder at

**«Den som bærer forestillingen, er Sara Khorami i rollen som Lucy»**

snakket sammen lenge før vi skjønner at Lucy rett og slett diktar opp scenen som utspiller seg mellom dem. Det bekreftes når Lucy s mor (Ulrikke Hansen Døviggen) dukker opp og tydeligvis har godtatt at den fire år gamle datteren har ein fiktiv lekekarmerat ved navn herr Marmelade.

I fjor var første gangen et stykke av amerikanske Noah Haidle ble spilt i Norge. Da

vennkapet mellom dem kanskje kan bringe Lucy ut av sitt fiktive univers. Det er nemlig i ferd med å forvandla seg til et mareritt, og til å bli mer og mer likt den voksne verden hun har villet diktat seg bort fra. Denne verdenen bygger på hennes egne sørrelige erfaringer om vold, rusmisbruk og brutale løfter som en del av hverdagslivet – når hun for eksempel lar herr Marmelade rase over et spebarn som skriker, bygger